



## Møteprotokoll

---

|                  |                                 |
|------------------|---------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Formannskapet                   |
| <b>Møtestad:</b> | Fjalerhuset - kommunestyresalen |
| <b>Dato:</b>     | 07.05.2026                      |
| <b>Tid:</b>      | Kl. 08:30                       |

---

|                         |              |
|-------------------------|--------------|
| <b>Medlemmer:</b>       | <b>Parti</b> |
| Espedal, Leif Jarle     | AP           |
| Naustdal, Ainor Fristad | AP           |
| Jarstad, Jostein        | H            |
| Taylor, Mark            | MDG          |
| Engen, Randi Oddny      | SP           |
| Felde, Kjetil Høgseth   | SP           |
| Haugsbakk, Marte        | V            |

## Merknader:

Møtet starta med omvisning på Dingemoen skule.

**Møteleiar:** Espedal, Leif Jarle

|       |       |       |
|-------|-------|-------|
| <hr/> | <hr/> | <hr/> |
| <hr/> | <hr/> | <hr/> |
| <hr/> | <hr/> | <hr/> |

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel                                                                                                                  |  | ArkivsakID |
|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|------------|
| 028/26  | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                       |  | 26/833     |
| 029/26  | Godkjenning av protokoll                                                                                                    |  | 26/833     |
| 030/26  | Referatsaker                                                                                                                |  | 26/833     |
| 031/26  | Trafikktryggingsplan 2026-2029 - vedtak av plan                                                                             |  | 24/1732    |
| 032/26  | Byggesak - dispensasjon til etablering av veg og oppretting av 3 bustadtomter - gbnr 65/183, Bjerga                         |  | 26/590     |
| 033/26  | Byggesak - Dispensasjon for tilkomst til sjø og tilrettelegging for båtoppdrag - gbnr 92/15 - Fjørheim i Flekke             |  | 24/1685    |
| 034/26  | Avslag på søknad om dispensasjon for utfylling i sjø og oppføring av kai - gbnr 236/11 - Grytøyra 106                       |  | 25/1833    |
| 035/26  | Kommunalt næringsavfall og slam - utvida eigenregi Sunnfjord Miljøverk. Tenestekontrakt og og revidering av selskapsavtale. |  | 24/518     |
| 036/26  | Godkjenning av plan for Friluftlivets ferdselsårer Fjaler                                                                   |  | 22/51      |
| 037/26  | Prioritering av spelemiddelsøknadar 2026 til lokale kulturbygg                                                              |  | 21/216     |

## 028/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**  
Innkalling og sakliste vert godkjende.

### 07.05.2026 Formannskapet

**Handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

**FOR- 028/26 Vedtak:**  
Innkalling og sakliste vert godkjende.

## 029/26: Godkjenning av protokoll

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

### 07.05.2026 Formannskapet

**Handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

**FOR- 029/26 Vedtak:**  
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

## 030/26: Referatsaker

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**  
Referatsakene vert godkjende.

### 07.05.2026 Formannskapet

**Handsaming:**

På spørsmål frå ordføraren samtykte formannskapet i at ordføraren får fullmakt til å skrive og sende høyringsuttale om FOT-rutene. Høyringsuttalen blir lagd fram som referatsak for kommunestyret.

På spørsmål frå ordføraren om det er ønskeleg å fremje ei sak om skjenking under fotball-VM, konkluderte formannskapet med at administrasjonen tek kontakt med verksemder som har skjenkeløyve, for å høyre om dei har planar om å vise kampar. Administrasjonen kjem eventuelt tilbake med sak til kommunestyret.

**FOR- 030/26 Vedtak:**

Referatsakene vert godkjende.

**031/26: Trafikktryggingsplan 2026-2029 - vedtak av plan****Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek Trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029.

**07.05.2026 Formannskapet****Handsaming:**

**Røysting:** kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

**FOR- 031/26 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek Trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029.

**032/26: Byggesak - dispensasjon til etablering av veg og oppretting av 3 bustadtomter - gbnr 65/183, Bjerga****Kommunedirektøren sitt framlegg:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 gjev Fjaler kommune dispensasjon frå arealføremålet landbruk-, natur- og friluftsliv i kommunedelplan for Dale til etablering av tilkomstveg til bustadområde B1 på gbnr 65/183, som omsøkt.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

**07.05.2026 Formannskapet****Handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

**FOR- 032/26 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 gjev Fjaler kommune dispensasjon frå arealføremålet landbruk-, natur- og friluftsliv i kommunedelplan for Dale til etablering av tilkomstveg til bustadområde B1 på gbnr 65/183, som omsøkt.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

# 033/26: Byggesak - Dispensasjon for tilkomst til sjø og tilrettelegging for båtoppdrag - gbnr 92/15 - Fjørheim i Flekke

## Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova § § 1-8 og 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til tilkomst og båtoppdrag på gbnr 92/15.

Vilkåra for å kunne gje dispensasjon er ikkje oppfylt.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

## 07.05.2026 Formannskapet

### Handsaming:

#### Alternativt framlegg frå AP, V, SP, ved/ Naustdal, Ainor Fristad , AP

I samsvar med plan- og bygningslova § § 1-8 og 19 -2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til tilkomst og båtoppdrag på gnr 92/15.

Det vert lagt vekt på at tiltaket i hovudsak gjeld tilrettelegging for allmenn bruk av sjøen, nødvendig manøvreringstiltak og vil gi ein viktig funksjon for friluftsliv og lokalsamfunn. Mangelen på eigna båtopptrekk i området tilseier at tiltaket har ein klar samfunnsnytte utover private interesser .

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket bidreg til å samle aktivitet knytt til småbåthamn og båtoppdrag på ein stad, noko som gir ei meir oversiktleg og funksjonell arealutnytting og reduserer behovet for fleire separate inngrep i strandsona.

Når det gjeld omsyna bak arealføremåla og strandsona, legg ein vekt på at tiltaket er avgrensa i omfang og knytt til eit område som allereie er påverka av tidlegare inngrep. Med dei tilpassingane som er gjort i revidert søknad og føresette avbøtande tiltak, vert omsyna til naturmiljø og strandsone ikkje vurdert å bli vesentleg tilsidesette.

Vi er merksam på at det er registrerte naturverdiar i området, men meiner likevel at desse ulempene vert redusert gjennom avbøtande tiltak og vilkår i løyvet. Etter ei samla vurdering meiner vi at fordelane ved tiltaket – særleg knytt til allmenn tilgang til sjø, friluftsliv og lokal utvikling – er klart større enn ulempene.

Fjaler kommune ligg i sone 3 for differensiert strandsoneforvaltning, der lokale vurderingar skal tilleggast vekt.

Vilkåra for dispensasjon vert etter dette vurdert som oppfylte.

### Vilkår:

1. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med revidert søknad, og med så skånsam gjennomføring som mogleg for å redusere påverknad på naturmiljøet.
2. Det skal takast særleg omsyn til registrert førekomst av dvergsivaks, og anleggsarbeidet skal gjennomførast slik at påverknaden på førekomsten vert avgrensa mest mogleg.
3. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarande tiltak under arbeid i sjø for å hindre spreiding av partiklar og redusere påverknad på nærliggjande marine naturtypar, inkludert ålegras.
4. Arbeid i strandsona skal ikkje gjennomførast i hekkeperioden for fugl.

5. Eksisterande terreng og restar etter tidlegare murar skal i størst mogleg grad nyttast og integrerast i tiltaket, for å redusere nye inngrep.
6. Tiltaket skal gjennomførast utan unødvendig bruk av areal utanfor tiltaksområdet, og det skal ikkje gjerast ytterlegare utfylling eller utviding utover det som er omsøkt.
7. Utplassering av hekkeholmer

**Røysting:** det alternative framlegget frå AP, V og SP v/Naustdal vart vedteke **mot 1 røyst** (MDG).

### **FOR- 033/26 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova § § 1-8 og 19 -2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til tilkomst og båtoppdrag på gnr 92/15.

Det vert lagt vekt på at tiltaket i hovudsak gjeld tilrettelegging for allmenn bruk av sjøen, nødvendig manøvreringstiltak og vil gi ein viktig funksjon for friluftsliv og lokalsamfunn. Mangelen på eigna båtopptrekk i området tilseier at tiltaket har ein klar samfunnsnytte utover private interesser .

Det vert vidare lagt vekt på at tiltaket bidreg til å samle aktivitet knytt til småbåthamn og båtoppdrag på ein stad, noko som gir ei meir oversiktleg og funksjonell arealutnytting og reduserer behovet for fleire separate inngrep i strandsona.

Når det gjeld omsyna bak arealføremåla og strandsona, legg ein vekt på at tiltaket er avgrensa i omfang og knytt til eit område som allereie er påverka av tidlegare inngrep. Med dei tilpassingane som er gjort i revidert søknad og føresette avbøtande tiltak, vert omsyna til naturmiljø og strandsone ikkje vurdert å bli vesentleg tilsidesette.

Vi er merksam på at det er registrerte naturverdiar i området, men meiner likevel at desse ulempene vert redusert gjennom avbøtande tiltak og vilkår i løyvet. Etter ei samla vurdering meiner vi at fordelane ved tiltaket – særleg knytt til allmenn tilgang til sjø, friluftsliv og lokal utvikling – er klart større enn ulempene.

Fjaler kommune ligg i sone 3 for differensiert strandsoneforvaltning, der lokale vurderingar skal tilleggast vekt.

Vilkåra for dispensasjon vert etter dette vurdert som oppfylte.

### **Vilkår:**

1. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med revidert søknad, og med så skånsam gjennomføring som mogleg for å redusere påverknad på naturmiljøet.
2. Det skal takast særleg omsyn til registrert førekomst av dvergsivaks, og anleggsarbeidet skal gjennomførast slik at påverknaden på førekomsten vert avgrensa mest mogleg.
3. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarande tiltak under arbeid i sjø for å hindre spreiding av partiklar og redusere påverknad på nærliggjande marine naturtypar, inkludert ålegras.
4. Arbeid i strandsona skal ikkje gjennomførast i hekkeperioden for fugl.
5. Eksisterande terreng og restar etter tidlegare murar skal i størst mogleg grad nyttast og integrerast i tiltaket, for å redusere nye inngrep.
6. Tiltaket skal gjennomførast utan unødvendig bruk av areal utanfor tiltaksområdet, og det skal ikkje gjerast ytterlegare utfylling eller utviding utover det som er omsøkt.
7. Utplassering av hekkeholmer

# 034/26: Avslag på søknad om dispensasjon for utfylling i sjø og oppføring av kai - gbnr 236/11 - Grytøyra 106

## Kommunedirektøren sitt framlegg:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl.) §1-8, arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS) og plankrav for etablering av fylling i sjø avslått.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

## 07.05.2026 Formannskapet

### Handsaming:

#### Alternativt fellesframlegg, ved/ Naustdal, Ainor, AP

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl.) §1-8, arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS) og plankrav for etablering av fylling i sjø.

Omsyna bak lova si føremålsføresegn, pbl. §1-8 og arealføremål BVS, samt plankrav er ikkje vesentleg tilsidesett. Tiltaka er utelukkande positiv for samfunnet. Medverknad er ivaretatt fordi berørte myndar har kome med uttalar. Stabilisering av kaia med fylling av sjø er ei langsiktig løysing og ein ville ikkje ha lande på ei anna løysing ved utarbeiding av ein reguleringsplan.

Tiltaket vil ikkje vere til hinder for allmenn tilgang, for friluftsliv og ferdsel langs sjøen, det er ikkje registrert kulturminner og strandlinja er allereie skjemma av bygningar og konstruksjonar, slik at landskapsomsynet er heller ikkje negativt.

Fordelane er klart større enn ulempene. Den einaste ulempe er moglegheita for negative konsekvensar for kanten av tareskogførekosten i nærleiken, samt blautbotnsområdet, men med vilkår om siltgardin, er negative konsekvensar minimalt.

Det hastar å stabilisere kaia som er ei særleg grunn til å gje dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Vi legg vekt på at tiltaket gjeld ei avgrensa utviding av eksisterande kai- og næringsområde. Området er allereie utbygd, og tiltaket medfører ikkje vesentleg endring i bruken av strandsona.

Det vert lagt særleg vekt på omsyn til tryggleik og samfunnsnytte. Tiltaket vil bidra til å stabilisere området, hindre skade på eksisterande kai og sikre vidare drift av viktig næringsverksemd. Samstundes vil trafikksikkerheita bli vesentleg betre ved at farleg manøvrering med tunge køyretøy vert redusert.

Etter ei samla vurdering meiner vi at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Ulempene knytt til strandsona og landskap vert vurdert som avgrensa, då tiltaket skjer i tilknytning til eksisterande inngrep.

Vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er etter dette oppfylte.

#### Vilkår:

1. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarande tiltak under arbeid i sjø for å hindre spreiding av partiklar og redusere påverknad på nærliggjande marine naturtypar.

**Røysting:** det alternative fellesframlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

## **FOR- 034/26 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl.) §1-8, arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag (BVS) og plankrav for etablering av fylling i sjø.

Omsyna bak lova si føremålsføresegn, pbl. §1-8 og arealføremål BVS, samt plankrav er ikkje vesentleg tilsidesett. Tiltaka er utelukkande positiv for samfunnet. Medverknad er ivaretatt fordi berørte mynder har kome med uttaler. Stabilisering av kaia med fylling av sjø er ei langsiktig løysing og ein ville ikkje ha lande på ei anna løysing ved utarbeiding av ein reguleringsplan.

Tiltaket vil ikkje vere til hinder for allmenn tilgang, for friluftsliv og ferdsel langs sjøen, det er ikkje registrert kulturminner og strandlinja er allereie skjemma av bygningar og konstruksjonar, slik at landskapsomsynet er heller ikkje negativt.

Fordelane er klart større enn ulempene. Den einaste ulempe er moglegheita for negative konsekvensar for kanten av tareskogførekomsten i nærleiken, samt blautbotnsområdet, men med vilkår om siltgardin, er negative konsekvensar minimalt.

Det hastar å stabilisere kaia som er ei særleg grunn til å gje dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Vi legg vekt på at tiltaket gjeld ei avgrensa utviding av eksisterande kai- og næringsområde. Området er allereie utbygd, og tiltaket medfører ikkje vesentleg endring i bruken av strandsona.

Det vert lagt særleg vekt på omsyn til tryggleik og samfunnsnytte. Tiltaket vil bidra til å stabilisere området, hindre skade på eksisterande kai og sikre vidare drift av viktig næringsverksemd. Samstundes vil trafikksikkerheita bli vesentleg betre ved at farleg manøvrering med tunge køyretøy vert redusert.

Etter ei samla vurdering meiner vi at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Ulempene knytt til strandsone og landskap vert vurdert som avgrensa, då tiltaket skjer i tilknytning til eksisterande inngrep.

Vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er etter dette oppfylte.

Vilkår:

1. Det skal nyttast siltgardin eller tilsvarande tiltak under arbeid i sjø for å hindre spreining av partiklar og redusere påverknad på nærliggjande marine naturtypar.

## **035/26: Kommunalt næringsavfall og slam - utvida eigenregi Sunnfjord Miljøverk. Tenestekontrakt og og revidering av selskapsavtale.**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Fjaler kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Fjaler kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Fjaler kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025:  
Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:  
"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

## **07.05.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

**Røysting:** kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

### **FOR- 035/26 Vedtak:**

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Fjaler kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Fjaler kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Fjaler kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025:  
Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

## **036/26: Godkjenning av plan for Friluftlivets ferdselsårer Fjaler**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Plan for Friluftlivets ferdselsårer vert godkjent slik den ligg føre.

## **07.05.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

**Røysting:** kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

### **FOR- 036/26 Vedtak:**

Plan for Friluftlivets ferdselsårer vert godkjent slik den ligg føre.

## **037/26: Prioritering av spelemiddelsøknadar 2026 til lokale kulturbygg**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Fjaler kommune prioriterer slik til tilskotsordninga "Tilskot til lokale kulturhus":

1. Nilsbua - bygging av toalett og kjøkken i tilbygg
2. Ungdomshuset Trudvang - handikaptalett

**07.05.2026 Formannskapet****Handsaming:**

**Røysting:** samrøystes

**FOR- 037/26 Vedtak:**

Fjaler kommune prioriterer slik til tilskotsordninga "Tilskot til lokale kulturhus":

1. Nilsbua - bygging av toalett og kjøkken i tilbygg
2. Ungdomshuset Trudvang - handikaptalett